
Saknr: 2020/45015-7
Saksbehandlar: Torbjørn Hasund

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020

Fråsegn til reguleringsplan for steinbrot på Aksla - Bremanger kommune. 2. gongs offentlig ettersyn

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet opprettheld motsegnene knytt til kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø frå vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte den 31.08.2018, FU-sak 86/18.

2. Kulturminne og landskapsbilete.

Fylkesutvalet meiner tålegrensa for den storskala nedbygginga av kulturlandskapet knytt til Rugsundøy, Hennøya, Marøya og austlege del av Bremangerlandet og fastlandet med Rugsund, Leirgulen, Vingen og Aksla er nådd.

3. Kulturminne og landskapsbilete.

Vingen helleristningsfelt (id 87369) er eit nasjonalt og internasjonalt viktig kulturminneområde og inngår i eit heilskapleg kulturhistorisk landskap. Dette landskapet vil bli forringa av dei planlagde landskapsinngrepa.

a. Fylkesutvalet er ikkje samd i den samla verdivurderinga som er gjort i konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø. Etablering av utskipings- og kaianlegg for steinbrotet på Aksla på Inste Bårdvikneset vil skape store negative verknader for eit nasjonalt særskilt viktig kulturhistorisk landskapsområde som Vingen helleristningsområde er ein del av. *Motsegna vert trekt dersom kaianlegget til Aksla blir samkøyrert med utskipingsanlegget til det allereie etablerte steinbrotet på Dyrstad.*

b. Fylkesutvalet meiner at steinbrotet på Aksla må skalerast meir ned, slik at heile fjelltoppen Aksla blir bevart og steinbrotet berre er synleg frå nord. *Motsegna vert trekt dersom massetaket på Aksla vert redusert, slik at heile Aksla blir bevart, og steinbrotet ikkje er synleg frå dei høgtliggande delane av kulturmiljøet i Vingen og Hornelen, før og etter driftsfasen.*

4. Vassmiljø.

Fylkesutvalet meiner det framleis manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.

Samandrag

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjekk i 2018 til motsegn mot reguleringsplan for steinbrot på Aksla i Bremanger kommune, for fagfelte kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø. Fylkesrådmannen rår til å oppretthalde motsegna.

Motsegna knytt til kulturminne og landskapsbilete er grunngeve i dei samla verknadane dei ulike tiltaka i reguleringsplanen for Aksla steinbrot vil få for landskapsbiletet, og eit særskilt viktig nasjonalt kulturhistorisk landskapsområde, som Vingen helleristingsområde er ein del av. Konsekvensane ved å etablere ei utskipingskai på nordsida ved Frøysjøen er ikkje akseptable, sjølv om anlegget er skalert ned samanlikna med førre høyring.

For vassmiljø manglar det framleis ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstillе krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 1. gongs offentleg ettersyn - saksframlegg til møte fylkesutvalet i Sogn og Fjordane 31.08.2018, sak 86/18
- 2 1. gongs offentleg ettersyn - brev med vedtak frå fylkesutvalet i FU sak 86/18
- 3 Referat frå synfaring og drøftingsmøte med tiltakshavar, kommunen og Fylkesmannen 12.11.2018
- 4 Presentasjon av tiltaket - frå synfaring og drøftingsmøte med tiltakshavar, kommune og Fylkesmannen, 12.11.2018
- 5 Multiconsult, notat med vurderinga av motsegner
- 6 Konsekvensutgreiing, revidert plan
- 7 Planomtale, revidert plan
- 8 Plankart, revidert plan
- 9 Føresegner, revidert plan
- 10 Fråsegn frå Universitetsmuseet i Bergen til 2. gongs offentleg ettersyn
- 11 Referat frå møte med tiltakshavar og kommune 13.03.2018
- 12 Plankart ved 1. gongs offentleg ettersyn (ikkje på høyring no, til samanlikning)
- 13 Flaumsonkartlegging

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

1.1 Planforslaget

Planen ligg ute til 2. gongs offentleg ettersyn. Bremanger Quarry AS planlegg å etablere eit steinbrot på Aksla i Bremanger kommune. Planen legg til rette for uttak av om lag 130 millionar kubikkmeter / 360 millionar tonn stein og lagring og lasting ved Inste Bårdvikneset. Anleggsveg til utskipingsstaden, knuseanlegg og transport av massar til utskipingsstaden er tenkt etablert inne i fjellet. Det kjem fram av planforslaget at det òg skal etablerast eit mobilt pukkverk på toppen av fjellet.

To alternativ for areal til utskiping av stein er vurderte i konsekvensutgreiinga, Yste og Inste Bårdvikneset. Grunna fare for ras, er berre alternativ 2, Inste Bårdvikneset, gått vidare med.

Litt lenger sørvest, ved Sætrfjellet, og delvis tilgrensande, er det i dag eit eksisterande dagbrot. Drivar av dette brotet er same firma som er tiltakshavar på denne planen. Steinmassane vert sleppt ned i ei sjakt, og går på transportband i tunnel til utskipingshamn på Dyrstad på sørsida av halvøya.

1.2 Endringar samanlikna med førre utkast til plan

Omfanget av uttak er endra frå førre høyring, både når det gjeld brotet oppe på fjellet, og kaianlegget på nordsida av halvøya. Uttaksområdet på brotet er redusert frå om lag 1160 daa til 840 daa. Ryggen på Aksla nordover mot Frøysjøen blir ståande att. I revidert plan er det lagt til rette for å ta ut 360 millionar tonn, mot 500 tonn i opphavleg planforslag.

Utskipingsområdet på nordsida av halvøya er redusert frå om lag 60 daa til 30 daa. Samanlikna med førre planforslag, skal hovudmengda av den utskipingsklare steinen lagrast oppe i brotet. Lagerhaug ved utskipingsområdet er i det reviderte planforslaget flytta meir mot vest, og det blir argumentert for at anlegget ligg meir skjult til for Hennøya og Vingen. Det vil vere behov for meir utfylling i sjø for å kunne etablere nytt landareal. Det blir argumentert for at brotet på denne måten vert mindre synleg frå indre kyst og fjordlandskap.

Når det gjeld støy vil det vere ei auke med 3 db i området mellom Marafjellet og Aksla, samanlikna med dagens situasjon, inkludert vindmøllene. Samanlikna med førre plan, vil auken vere 2 db større på grunn av mobilt steinknuseverk som er planlagt oppe på fjellet. Ved strandsona på nordsida av fjellet vil støynivået auke med 3-20 db avhengig av kor nær ein er, samanlikna med dagens situasjon.

1.3 Noverande planstatus

Det er i gjeldande arealdel frå 2004 sett av eit område for uttak av pukk som delvis overlappar med planområdet. Dei resterande areala er vist som LNF-område. Naudsynt infrastruktur til drift, lagring og utskiping er ikkje synt. Planarbeidet er difor i stor grad ikkje i samsvar med overordna plan.

landskapet kring Vingen helleristingsområde er, og at det ligg fleire kjende automatisk freda kulturminne i form av gravrøyser og steinalderlokalitetar ved Frøysjøen og Skatestraumen.

Då tiltakshavar sende nytt oppstartsvarsel og planprogram i 2016, varsla fylkeskommunen motsegn på tema landskap, kulturminne og kulturmiljø, og vassmiljø. Det vart mellom anna trekt fram at Bremanger kommunestyre i 2014 vedtok at det skal arbeidast for at Vingen helleristingsområde skal kome inn på Unesco si verdsarvliste. Det vart peikt på at dei naturlege omgjevnadane blir lagt stor vekt på, og at markerte moderne tiltak i tilhøyrande landskap vil svekke ein slik søknad.

Ved oppstart varsla fylkeskommunen om at det skulle gjennomførast undersøkingar i tråd med § 9 i kulturminnelova. Kulturminneregistreringane vart gjennomført i 2017. Det vart registrert to automatisk freda kulturminneområde i form av kolhaldige lag / avsviingslag med same datering som Vingen helleristingsområde. Då fylkeskommunen sende ut rapport med skildring av dei kjende automatisk freda kulturminna i desember 2017, peikte vi igjen på at det ville vere aktuelt å reise motsegn til planforslaget på grunn av direkte og visuelle negative konsekvensar tiltaka ville ha for kulturminne og kulturmiljø.

Tiltakshavar bad om eit orienteringsmøte for å presentere planane sine. Dette møtet vart halde den 13.03.2018. Bremanger kommune, tiltakshavar, planleggarfirmaet Muliticonsult Norge AS, Universitetsmuseet i Bergen og fylkeskommunen deltok på møtet.

I juni 2018 vart utkast til plan lagt ut til offentleg ettersyn første gong. Fylkesutvalet fremja motsegn til planen i møte den 31.08.2018, FU-sak 86/18:

«Fylkesutvalet går til motsegn mot etablering av steinbrot på Aksla med tilhøyrande anleggs- og utskipingsareal. Motsegna er knytt til tre fagområde;

1. Kulturminne. Vingen helleristningsfelt (id. 87369) er eit nasjonalt og internasjonalt viktig kulturminneområde og inngår i eit heilskapleg kulturhistorisk landskap. Dette landskapet vil bli forringa av dei planlagde landskapsinngrepa.
2. Landskapsbilete. Konfliktnivået når det gjeld landskapsbiletet er knytt til storleik på arealet som er planlagt, og mengd masse som skal takast ut. Behovet for å planlegge eit så stort tiltak er ikkje tilfredstillande utgreidd. Det er ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert alternative eller avbøtande tiltak som vesentleg kan redusere konfliktnivået.
3. Vassmiljø. Det manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstillende krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.
4. Som fylkeskommunen sin representant i forhandlingane vert vald: Fylkesordføraren»

Det vart peikt på at planframlegget ville skape konflikt med automatisk freda kulturminne på grunn av skjemming. Vidare vart det sagt at opplevingsverdien til eit nasjonalt- og internasjonalt viktig kulturminneområde, Vingen helleristningsområde og det omkringliggende landskapet det er ein del av, ville bli sterkt redusert. Både å sprengje vekk fjelltoppar, uttak av pukk og ny utskipingshamn på nordsida av halvøya ville få stor negativ konsekvens for opplevingsverdien av kultur- og landskapsmiljøet. I tillegg ville Hornelen, Nord-Europas største sjøklippe, eit nasjonal viktig landemerke og eit fjell det knyter seg tru og tradisjon til, fått direkte innsyn til steinbrotet.

Fylkesrådmannen meinte også at det var ein mangel ved planen at alternativet med bruk av eksisterande utskipingskai på Dyrstad, ikkje var tilfredsstillande utgreidd. I saka sin konklusjonen står det mellom anna at: «Ei løysing med utskiping av masse frå eksisterande utskipingskai frå Dyrstad er ikkje konkret vurdert, til tross for at det er etterspurt i fråsegn til planprogram. Konsekvensane av utskipingskai på nordsida er sopass store at vi meiner det er ein klar mangel ved planen at det ikkje er gjennomført mogleighetsstudiar av ei slik løysing knytt til tekniske løysingar, økonomi og logistikk.»

Det vart halde eit dialogmøte den 12.11.2018 med synfaring der dåverande fylkesordførar deltok. Konklusjonen var at: «Fylkeskommunen ser det som positivt at tiltakshaver går vidare med å utarbeide nytt planforslag på grunnlag av de skissene som ble lagt frem i møtet. Fylkeskommunen vil ta endelig stilling når revidert planforslag foreligger.»

1.5 Andre store steinbrot med uttak av devonsk sandstein i nærområdet

Devonsk sandstein vert brukt til vegdekke i Europa. Etterspørselen er høg på grunn av kvaliteten. Bremanger Quarry AS er òg eigar av to andre store steinbrot i Bremanger kommune. Dyrstad steinbrot er det eine anlegget som ligg i nærleiken av Aksla oppe på Marafjellet. Anlegget har utskipingskai på Dyrstad, på sørsida av Dyrstadhalvøya. Det andre anlegget, er Gulestø steinbrot ved Gulestøa. I planen er det regulert inn eige utskipingsanlegg. Drifta er ikkje starta opp, men det føreligg godkjend reguleringsplan for brotet. I tillegg er det etablert eit tredje anlegg på Seljestokken i Kinn kommune. Dette anlegget er eigd av Norwegian Sandstone Export AS. Anlegget ligg i eit område med fleire gravrøysar.

1.4 Andre tiltak i området

Vestavind kraft fekk i 2014 konsesjon til Hennøya vindkraftverk. Kraftverket vart sett i drift i 2019. Kraftverket ligg i området ved Marafjellet, vel 2 kilometer vest for Aksla. Det er og gitt løyve til vindkraftanlegg på Gulesletten og nord på Bremangerlandet. Då desse tiltaka er konsesjonsgjevne er dei tekne med i 0-alternativet i konsekvensutgreiinga, og inngår i verdivurderingar knytt til landskap.

1.5 Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å fremje motsegn til forslag til detaljreguleringsplan. Sjå Reglement for delegering etter særlov, plan- og bygningsloven. § 5-4.

Vi vurderer planen ut frå fylkeskommunen sine sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Fylkesutvalet kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom vesentlege regionale og nasjonale verdiar står på spel. Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Vestland.

Fylkeskommunen har mynde etter kulturminnelova til å sjå til at freda kulturminne blir forvalta på ein god måte gjennom arealplanlegging. Lov om kulturminne er ei særlov og går føre plan- og bygningslova ved konflikt.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen sende saka uavkorta til Riksantikvaren, som på sjølvstendig grunnlag kan fremja motsegn i saka, jf. underretningsplikta i Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven, § 7-3. Riksantikvaren tek då over som kulturminnemynde i saka, inkludert skjønnsutøvinga i det planfaglege.

1.6 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Noreg har forplikta seg til å ta vare på kulturlandskap gjennom [Verdsarvkonvensjonen](#) og den [Europeiske landskapsvernkonvensjonen](#). For å fylgje opp dei internasjonale forpliktingane er Riksantikvaren i gang med å kartlegge kulturhistoriske landskap av særskilt nasjonal interesse (KULA-område). I møte med fylkeskommunen i 2018, vart landskapsrommet Rugsundøy, Hennøya, Marøya og austlege del av Bremangerlandet og fastlandet med Rugsund, Leirgulen, Vingen og Aksla vurdert til å ha slik nasjonal kulturhistorisk interesse.



Illustrasjonen syner KULA-området for midtre Breanger: Skatestraumen, Rugsund og Vingen.

Det mest karakteristiske landemerket i området er Hornelen. Fjellet ragar 860 meter over havet og er Europas høgste sjøklippe. Hornelen er eit landemerke langs kystleia og det knytter seg ei rekkje segn og historier til klippa. Vi finn omtale av Hornelen i kongssagaene, der sjøklippa er kopla til Heilag Olav og Olav Tryggvason. I følgje lokal folketru var fjellet tilhaldsstad for trollpakk, og på jonsoknatta samla heksene seg her.

Nordens største helleristningsfelt Vingen med sine 2300 figurar rissa inn i berget, ligg i dette landskapet. Vind og lydar skaper ekko innover i fjordarmen og dei ruvande og stupbratte fjella skaper ei tilnærma lukka romkjensle. Vingen har vore ein heilag stad og ein viktig samlingsplass for samfunna langs kysten i steinalderen. Dei mange figurane som er rissa inn kan daterast til tidsrommet 6000-2000 f. Kr. Vingen er freda landskapsvernområde. Helleristingsfeltet har nasjonal og internasjonal verdi. Universitetsmuseet i Bergen, Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune, Breanger kommune, sauehaldar, grunneigarar, oppsyn, Statens naturoppsyn og guidar har eit tett samarbeid knytt til skjøtsel og guiding i Vingen. Riksantikvaren løyver kvart år store midlar til forskning og skjøtsel knytt til Vingen helleristningsfelt. Kommunen arrangerer guida turar gjennom sommarsesongen der ekspressbåten har faste stogg i Vingen om sommaren. Breanger kommune har vedteke i kommunestyret at dei skal jobbe for å få Vingen helleristingsområde på Unesco si verdsarvliste.

I Skatestraumen, nordvest i dette landskapet, ligg det ei rekke med buplassar frå same tidsrom som Vingen. Skatestraumen har kraftig tidevasstraum fordi sundet, som bind saman den vide og djupe Frøysjøen med Nordfjorden, er så trangt. Her har det alltid vore godt fiske.

Langs kysten var det vanleg å livnære seg gjennom eit vekselbruk av fiske og jordbruk. På 1600-talet skapte eit rikt sildefiske grunnlag for fast busetjing i mange avsidesliggjande plassar, mellom anna i Vingen. Landskapet her er karrig og kvar einaste flate og større steinblokker vart nytta som dyrkingsareal. Restane av denne busettinga er framleis del av dagens landskapsbilete i Vingen.

I dette kulthistoriske landskapet ligg det fleire gravrøyser frå bronsealder. Gravrøysene er territoriemarkørar for dei mektige slektene i jordbruksområda. Her gjekk ferdsla mellom dei svært rike bronsealdersamfunna på sunnmørsøyane / i Trøndelag i nord og Karmøy /Jæren i sør. Den største gravrøysa vi har i dette midtre Breanger-landskapet, ligg på Hennøya. Naturhamna like ved røysa har vore ein naturleg stoppestad for dei reisande på veg nord eller sørover langs leia. I denne naturhamna ligg det òg ein stein med runer.

Det kolhaldige laget (id 232593) på Inste Bårdvikneset som var registrert i samband med oppstartsvarselet til reguleringsplanen, har same datering som Vingen helleristingsområde. Kulturminnet er interessant sett i lys av at aktiviteten på same tid i Vingen og ved Skatestraumen.

2. Vurderingar av regionale interesser

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Både utbygging og drift vil krevje energi spesielt knytt til anleggsmaskiner og skipsfart. Dette vil bidra til auka klimagassutslepp.

Regional planstrategi

Fylkesutvalet har lagt Utviklingsplan for Vestland ut på høyring og offentlig ettersyn i møte 30.04.2020, FU sak 75/2020. Det er gitt fire overordna mål med tilhøyrande strategiar i utviklingsplanen. Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling har tre strategiar, der ein av dei er at «Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.» Samstundes er ein av strategiane under mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland at «Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar». Desse to strategiane vil i enkeltsaker kunne kome i strid med kvarandre, og i denne saka kan det vere ein slik interessemotsetnad. Det er difor viktig at det gjennom det konkrete planarbeidet vert gjort ei balansert avveging mellom dei ulike interessene.

Samferdsle

I samband med oppstartsvarselet varsla Statens vegvesen at fylkesveg 5710, som kan nyttast til tilkomst til området har setningsskadar. På bakgrunn av dette ynskte vegvesenet at ein føretok ei utgreiing på kva auka del av tungtransporten vil gjere med bæreemna til fylkesvegen.

Innspelet til Statens vegvesen er ikkje teke til følgje og forslagsstillar syner til at tungtransporten opp til Aksla vil få tilkomst frå kaia ved Djupevika. Det er vidare gjort greie for at fylkesvegen berre skal nyttast til og frå arbeidsplassen for dei tilsette.

Me forutset difor, på bakgrunn av opplysningar som er lagt til grunn at fylkesvegen berre skal nyttast til tilkomstveg for tilsette i området, og at all annan trafikk skal gå via kaia i Djupevika slik som skissert.

Naturmangfald

Berggrunnen i området er dominert av harde bergartar som forvitrar seint og frigjev lite næring. Dette fører til jamt over artsfattige vegetasjonstypar. Botanisk sett har høgareliggande delar av influensområdet liten verdi, medan lågareliggande delar har middels (Ytste Bårdvik-neset) til stor verdi (Inste Bårdvikneset). Når det gjeld fugl og anna vilt er området vurdert som representativt for regionen.


Skorabovatnet og utløpsbekken er vurdert som ein ferskvasslokalitet av lokal verdi. Den økologiske statusen til vassdraget er truleg moderat, sidan det allereie er avrenning frå eksisterande steinbrot på Sætrefjellet. Frøysjøen er samla sett vurdert å ha stor verdi med tanke på marint naturmangfald. I strandsona mellom Inste og Ytste Bårdvikneset er det ikkje registrert marine naturtypar.

Uttaksområdet oppe på Aksla fører til noko mindre konsekvensar for naturmangfaldet samanlikna med opphavelog plan. Den viktigaste justeringa for mangfaldet i området er reduksjonen i storleiken på utskipingsområdet ved Inste Bårdvikneset. Storleiken på dette området er redusert, og slik at kjente førekomstar av raudlisteartar er tatt omsyn til.


Folkehelse og friluftsliv

I KU-notatet er tiltaket vurdert å vere mindre konfliktylt i høve nærmiljø og friluftsliv. Arealet for uttak av stein er trekt sørover, og ned i sørvesthellinga av Aksla og reduserer konsekvensen for dei fleste delområda då kanten av Aksla no skjuler meir av tiltaket. Brotkant frå Litlanyken blir framleis synleg for store delar av influensområdet og reduserer opplevingskvalitet enkelte stader. Påverknaden for Hornelen vert vektlagt. Støyulempen i delområda nærmast Aksla er venta å auke grunna mobilt knuseverk. I konsekvensutgreiinga er deltema nærmiljø og friluftsliv gitt liten til middels negativ konsekvens.

For Dyrstadhalvøya er det registrert eit lokalt viktig friluftsområde frå Aksla og austover fjellområda som ligg nordvest for kommunesenteret Svelgen. Aksla og Litlanyken utgjør ein fjellrygg som deler Dyrstad i ein vestleg og ein austleg del. I førre planutkast var heile den austre avgrensinga av planen lagt slik at den braut denne ryggen, og kom inn i den vestlege delen av landskapet på Dyrstadhalvøya. No er delar av avgrensing trekt vest for ryggen, mens avgrensinga i sørøst framleis bryt ryggen.



Utkast til 1. gongs høyring



Revidert utkast

I vår saksutgreiing til handsaming i august 2018 var ein del av argumentasjonen at planframlegget gav få svar på kvifor planavgrensinga var sett slik ho var tenkt. Vi skreiv: «Fylkesrådmannen meiner at planomtalen gir oss få svar på kvifor planavgrensinga er sett slik ho er. Det er i liten grad dokumentert behovet for å planleggje eit så stort uttaksområde og -volum og behovet for å ta ned toppen av Aksla spesielt. Planutkastet svarar etter vår vurdering ikkje godt nok på kvifor tiltakshavar har valt dei overordna løysingane som er valde.»

Kulturarv


Kulturminne og kulturmiljø i planomtalen

To automatisk freda kulturminne (Askeladden id 232593) blir direkte råka av planforslaget. Det framkjem i planomtalen at etablering av utskipingsstad ved Inste Bårdvikneset vil krevje dispensasjon frå kulturminnelova.

I konsekvensutgreiinga er det i hovudsak vurdert konsekvensar *etter* avslutta drift der massane i fjellet er tatt ned til kote 180. Den konkluderer med at tiltaket er lite synleg frå Vingen. Men det vert framheva, ut frå ei sannsynsanalyse at tiltaket vil vere noko meir synleg i ein tidleg driftsfase. Det er ikkje spesifisert kor lang tid ein tidleg driftsfase varer. I den tidlege driftsfasen er det peikt på at uttaksområdet vil vere synleg frå Vingen, dvs. både frå fjorden / Vingepollen og frå dei litt høgareliggande delane av kulturmiljøet.

Det vil seie at ein i tidleg driftsfase vil kunne sjå aktiv drift på fjellplatået mellom Aksla og Litlanyken. Ein vil kunne sjå terreng reinska for fjellmasse, anleggsmaskiner og noko uttaksmassar fram til ein tek til på nedtrappinga (skjeringa i fjellveggen) frå aust. Sidan avstanden er stor er det argumentert for at inngrepet ikkje vil dominere synsintrykket frå Vingen.


Etter at nedtrappinga er starta frå aust, vil ein kunne sjå veggane av steinbrotet når ein står på høg punkt innanfor kulturmiljøet ved Vingen og på Hornelen.



Figur 7-2 frå planomtalen. Kartet syner terreng ein kan sjå frå Vingen-området i driftsfasen og etter etablering.

Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga

I konsekvensutgreiinga vert det konkludert med at planforslaget vil medføre mindre konsekvensar for landskap, og kulturminne/kulturmiljø. I tabell 8-3 er det samla konsekvensgrad for dei ulike kulturmiljøa (Hennøya, Inste Hennøya, Nordvinshammen, Skarstein, Berle, Lisete, Vingen, Lotnes, Leirgulen, Kollsete) for opphavleg (2018) og revidert plan (2020). Det var vurdert samla liten negativ konsekvens i den opphavlege planen. I det reviderte planforslaget er den samla vurderinga sett til ubetydeleg til liten negativ konsekvens.




Figur 4-1. Tiltakets teoretiske synlighet fra de ulike kulturmiljøene. Beregningene tar ikke hensyn til avstand.

I planforslaget er det foreslått å bevare fjellprofilen/-ryggen til Aksla, sett fra nord. Det vert peikt på at dette i betydeleg grad vil redusere synlegheit til steinbrotet frå stader som mellom anna Frøysjøen, Vingen og Hornelen.



Frå konsekvensutgreiinga figur 3-1. Oversikt over standpunkt for visualiseringane

Det er visualisert verknader frå ni ulike standpunkt for å vise situasjonen i førre plan og i den reviderte planen, mellom anna frå Vingeneset og Hornelen i fig. 3-1.



Figur 3-2 og 3-3 i konsekvensutgreiinga. Karta skal framstille kor stor del av steinbrotet som kan sjåast frå ein gitt stad. Illustrasjonen til venstre er frå førre plan, og illustrasjonen til høgre er frå revidert plan.

Vidare er dei ulike visualiseringsstadane vist med bilete frå førre plan, og noverande plan. Det er framheva at Hennøya vindmøllepark er det dominerande i synsfeltet frå Berle.
Landskapsbilete

Vurderingane og skildringane som er gjort over på kva verknader planen vil ha for kulturminne og kulturmiljø er tett knytt saman med landskap og landskapsbilete. Også landskap og friluftsliv er tett knytt saman i dette opne fjell- og fjordområdet. For våre synspunkt i høve landskapsbilete syner vi difor til kapittela i saksutgreiinga som knyt seg til folkehelse og friluftsliv og til kulturminne og kulturmiljø.

Vassmiljø

Skorabovatnet er foreslått som sedimentasjonsbasseng. Vassdraget er allereie påverka av avrenning frå steinbrotet på Sætrefjellet. Skorabovatnet og inn- og utløpsbekken ligg i Vann-nett under vassførekomst 086-133-R (eit bekkefelt frå Ospeneset til Vingepollen). I Vann-nett er den økologiske tilstand oppgitt til å vere *god* og kjemiske tilstand er *ukjent*. I konsekvensutgreiinga er det antekt at økologisk tilstand i vassdraget er moderat då det allereie er ei viss avrenning til vatnet frå Sætrefjell. Frøysjøen har *god økologisk tilstand* og *god kjemisk tilstand*.

Revidert planomtale legg opp til auka tilførsar av partiklar og nitrogen (i form av ikkje-omsett sprengstoff) til Skorabovatnet, og reduserte tilførsar til Frøysjøen, samanlikna med opphavelag planforslag.

Skorabovatnet vert i praksis eit sedimenteringsbasseng for knust stein. Det vert lagt opp til bruk av mobilt knuseverk og vatning av pukken oppe i uttaksområdet. Ein større del av det ikkje omsette sprengstoffet vil bli vaska ut i Skorabovatnet. Dette vil kunne føre til auka næringsanriking i vatnet. Vatnet ber allereie preg av ei viss tilgroing. Auka tilførsar av sprengsteinstøv, giftige nitrogensambindingar og næringsstoff vil kunne få betydelige konsekvensar for det akvatiske økosystemet i Skorabovatnet og bekken nedstrøms. Økologisk tilstand kan bli redusert til *dårleg økologisk tilstand*. Tilførsel av mineralske partiklar til Frøysjøen vil også kunne føre til lokale, negative konsekvensar for faunaen på hardbotn i nærområdet til utskipingsanlegget. Medan det er mindre truleg at tiltaket vil føre til vesentlege, negative konsekvensar for det marine økosystemet (fiskebestandar, marine pattedyr, sjøfugl, etc).

I planomtalen er det peika på at det skal settast i verk tiltak som hindrar at partiklar frå drifta av steinbrotet spreier seg til Frøysjøen. Det er ikkje vurdert nærmare om dette er tilstrekkeleg til å unngå å forringe miljøtilstanden slik at miljømålet for Frøysjøen vert oppretthalde eller nådd over tid.

3. Vurdering

Kulturminne og landskapsbilete

Fylkesrådmannen er ikkje samd i at dei samla konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø vert sett til ubetydeleg til liten negativ konsekvens. Slik vi vurderer det ber konsekvensutgreiinga preg av å bagatellisere dei konsekvensane steinbrotet på Aksla og kaianlegget vil få i eit så viktig nasjonalt kulturhistorisk landskap som Vingen helleristingsområde er ein del av. Ved å tillate utskipingsanlegg ved Inste Bårdvikneset opnar ein opp med å gjere inngrep i ein elles så urørt fjord. Autentisiteten og integriteten til det massive kulturhistoriske landskapet blir dermed betydeleg redusert. Det er ikkje godt nok argument at Hennøya vindmøllepark har etablert seg på Marafjellet. Fylkesrådmannen sin vurdering er at tålegrensa for nedbygginga av dette kulturlandskapet er nådd.

Opplevingsverdien av kulturmiljøet Hennøya og inste Bårdvikneset på lokalt nivå, blir sterkt redusert, særskilt på grunn av støy. Det er heller ikkje vurdert konsekvensar knytt til støy når det gjeld helleristingsfeltet i Vingen. Sjølv om lyden er innanfor kva som er lovleg støynivå, vil opplevingar av moderne støy frå drifta med sprengingar og steinknusing oppe på fjellet og utskipping nede ved Inste Bårdvikneset, redusere opplevingsverdien i helleristingsfeltet i Vingen vesentleg og særskilt kulturmiljøområdet ved Hennøya. Dei høge fjella vil gjere til at lyden blir kasta fram og til bake mellom fjella og fjorden.

Sjølv om konsekvensutgreiinga peikar på at støynivået er innanfor eit akseptabelt nivå, vil opplevinga av at du er i steinalderlandskapet bli heilt øydelagt ved lyden av moderne sprenging, steinknusing eller lossing av stein, sjølv om lyden er låg. Alt i dag, i spesielle vindtilhøve, kan arbeidet knytt til steinbrotet på Dyrstad høyrast frå Vingen. Det er ikkje akseptabelt at støynivået blir forsterka. Opplevingsverdien av kulturminna lokalt på Hennøya når det gjeld støy, er heller ikkje akseptabel.

Utskipingsanlegget på Inste Bårdvikneset inngår ikkje i modelleringane i konsekvensutgreiingane. Skjæringar som følgje av breie vegar, utfyllingar i sjø, og utskipingsanlegg er ikkje visualisert. Det er brukt mørke og duse fargar i visualiseringar slik at inngrepa framstår som ubetydelege. Den devonske sandsteinen er lys, nesten kvit. I framstillingane er det brukt ein mørkegrå farge. Fargevala som er nytta i illustrasjonane er mørke og gir eit feilaktig bilete av korleis fjellpartiet kjem til å sjå ut i driftsperioden, også etter at driftsfasen er fasa ut. Argumentasjonen med at ein ikkje vil ha stans i utskipinga dersom det blir teknisk stans i drifta på Dyrstad, er ikkje ein god nok grunn til å etablere eit nytt kaianlegg på Inste Bårdvikneset.

Fylkesrådmannen si vurdering er at steinbrotet på Aksla må skalerast ned mykje meir enn det som er gjort i den reviderte planen dersom steinbrotet kan akseptast. Steinbrotet på Aksla vil gje store og ikkje reversible inngrep i kulturlandskapet som ikkje er foreinleg med vern av eit så viktig område.

Sidan den devonske sandsteinen er lys, vil steinbrot i desse områda verke svært skjemmande og vere godt synleg i terrenget. Tiltakshavar har fått fleire høve til å vise verknadane av dei tiltaka som er planlagt på Aksla og ved Inste og Yste Bårdvikneset ved Frøysjøen. Fylkesrådmannen er likevel ikkje overtydd om at steinbrotet på Aksla i si noverande reviderte form, kan akseptast. Fylkesrådmannen meiner at illustrasjonane som er vist i dei ulike framstillingane gir eit feil bilete av verknadane steinbrotet med dei ulike tiltaka vil gje.

Innseglinga til Vingen helleristningsområde frå vest og frå Skatestraumen i nordvest, framstår som ei reise tilbake i tid fordi det kulturhistoriske landskapet er lite utsett for moderne inngrep. Det er argumentert for at Hennøya vindmøllepark alt har forringa opplevingsverdien i Frøysjøen. Fylkesrådmannen er kjent med at vindmøller har ei levetid på om lag 15 år og at tiltaket i større grad er reversibelt. Dersom møllene blir fjerna, er det berre vegane som står att. Dei store steinbrota vil aldri kunne «reparerast» og vil vere eit varig sår for all framtid.

Noreg har ratifisert ei rekke internasjonale konvensjonar knytt til landskap og kulturminne. I konvensjonane har vi forplikta oss til å ta vare og oppretthalde viktige karakteristiske trekk i eit landskap, anten det er naturleg utforming/ og eller påverka av aktiviteten til menneska. I dette ligg særskilt verdien av dei immaterielle kulturminna, slik som Hornelen.

Kystlandskapet er utpeikt som KULA-område, det vil seie at det inneheld særskilt viktige nasjonale kulturlandskapskvalitetar. Meininga med å opprette slike nasjonale kulturhistoriske landskap, er å betre kunne forvalte dei. Fylkesrådmannen meiner at Bremanger sitt arbeid med å få Vingen helleristningsområde inn på Unesco si verdsarvliste blir svekka, dersom landskapet som helleristningsområdet er ein del av vert forringa.

Det er oppgjeve at brotet vil gje frå 15-20 arbeidsplassar. Steinen blir skipa ut av landet og inntektene fell på utanlandske selskap. Skatteinntektene kommunen får, ein million i årleg inntekt, er minimale sett i lys av kva inngrep som blir gjort. Fylkesrådmannen meiner at verdien av det historiske landskapet er høgare enn det samfunnsnyttan til bergverksindustrien vil vere.

Vassmiljø

Planframlegget vil ha konsekvensar for vassførekomstar innafor og nedstraums planområdet. Etter vår vurdering er konsekvensutgreiinga framleis ikkje fullstendig på området vassmiljø. Under

følgjer ein oversikt over manglane som var peika på i første høyringsrunde, og ei vurdering av korleis eller om det no er integrert i den reviderte planen.

« 1. Den regionale planen for vassforvaltning er ikkje lista som regional plan i delkapittel 4.3.»

I den reviderte reguleringsplanen er miljømåla i vassforvaltningsplanen for 2016-2021 framleis ikkje lagt til grunn. I kapittel 4 viser til føringar for arbeidet (planstatus og rammer). Her hadde det vore naturleg å inkludert den regionale vassforvaltningsplanen og vist til vassforskrifta. Vassforvaltningsplanen er ein regional plan som gir regionale føringar. Vi saknar framleis at samanhengen mellom reguleringsplanframlegget og vassforvaltningsplanen kjem fram.

Kommunen har plikt til å sikre at føringar i vassforvaltningsplanen vert vurdert i arbeidet med utarbeiding av reguleringsplanar og at krava i vassforskrifta er stetta (§§ 4-6, 12). Det er tiltakshavar som har ansvar for å skaffe fram denne informasjonen. Sektorstyresmakten har ansvar for å sjå til at vurderingar også er i samsvar med vassforskrifta før dei eventuelt gir løyve etter eige regelverk. I denne saka er det kommunen som vedtek reguleringsplanen dvs. det er kommunen sitt ansvar å vurdere bruken av § 12 før saka kan vedtakast. Fylkesmannen vil vurdere saka etter § 12 i vassforskrifta når dei handsamar utsleppsløyve. Det er kommunen sitt ansvar å sikre at saken er godt nok opplyst og at avbøtande tiltak er vurdert etter naturmangfaldlova § 7-12.

« 2. Grunnlaget for konsekvensutgreiinga for Skorabovassdraget og Frøysjøen er delvis ikkje i samsvar med den regionale vassforvaltningsplanen og vassforskrifta.»

I vår uttale til første høyringsutkast skriv vi at det er grunn til å anta at eit steinbrot på Aksla vil redusere vassdraget sin økologiske status frå moderat til dårleg. Det går ikkje fram i den reviderte planen om det er gjort nyare vurderingar av økologisk og kjemisk tilstand med bakgrunn i nærare analysar av tilstand. Det er peika på at det ikkje er tilstrekkeleg datagrunnlag til å klassifisere innsjøen etter vassforskrifta. Det er heller ikkje vurdert nærmare om og korleis avbøtande tiltak vil påvirke økologisk og kjemisk tilstand til vassførekomstane.

Planomtalen viser til miljøtilstanden for vassførekomstane i Vann-nett. Det er i revidert plan gjort antakingar om at økologisk tilstand i Skorabovatnet kan verte redusert til *dårleg* tilstand. Vurderingane er truleg gjort utan tilstrekkeleg datagrunnlag. Kva konsekvensane for innlandsfisk vert i Skorabovatnet er ikkje vurdert utover at det er peika på at tilførsel av knust stein kan få betydelige konsekvensar for det akvatiske økosystemet. Det er anteke at Skorabovatnet får redusert miljøtilstanden til dårleg. Dette er ikkje i samsvar med vassforskrifta §§ 4 der miljømålet er minst god økologisk tilstand. Dersom tiltaket fører til at miljømåla (§ 4-6) ikkje vert nådd, må § 12 vurderast før løve ev. vert gjeve. Det manglar framleis ei vurdering for å avgjere om det er realistisk å møte vilkåra i §12.

Basert på konsekvensutgreiinga er det konkludert med at tiltaket medfører ein viss auke i den samla belastninga på økosystemet i Frøysjøen, men at denne vil vere av svært lokal karakter (Inste Bårdvikneset - Hennøysundet). Størstedelen av Frøysjøen er vurdert av søkjar til ikkje bli merkbart påverka av tiltaket. Mellomlagring av massar i steinbrotet framfor lagring berre ved sjøen reduserer tilførsel av partiklar til Frøysjøen.

Fylkesrådmannen meinte under første høyringa av planen at ei realitetsvurdering må gjennomførast og dokumenterast på planstadiet for å kunne avgjere (i prioritert rekkefølge):

- a) om det er mogleg å nå miljømåla i Skorabovassdraget til tross for steinbrotet,
- b) om (a) ikkje er mogleg, om det er mogleg å hindre at tilstanden vert dårlegare (dvs. at han ikkje vert redusert frå moderat tilstand til dårlegare tilstand)
- c) om (a) og (b) ikkje er mogleg, om §12 kjem i bruk og om dei tilhøyrande vilkåra kan verte oppfylte.

Vassforvaltningsplanen og vassforskrifta har mål om å oppretthalde minst god økologisk tilstand for biologiske organismar i ferskvatn og sjø. Det er anteke at Skorabovatnet vil verte redusert til *dårleg tilstand* i den reviderte planane. Det er vidare anteke at sedimenteringsbasseng vil klare å

demme opp for mykje av tilførslane til m.a. Frøysjøen. Vurderingane bak desse antakingane er ikkje synleggjort.

Vurderinga er ikkje i tråd med vassforskrifta og vassforvaltningsplanen på følgjande vis: Det manglar ei vurdering av miljøtilstanden som er venta under og etter drift av steinbrotet. Når det gjeld vassmiljø er det ikkje gjennomført ei vurdering av om tilstanden vil verte dårlegare etter dei definisjonane som gjeld i vassforskrifta. Det er difor uvisst om framlegget er i tråd med §4 i forskrifta. Denne krev at vassførekomstar skal vernast mot dårlegare økologisk og/eller kjemisk tilstand.

Mogleg auka tilføring av nitrogen frå sprengstoff og kvasse partiklar frå sprengt stein er særleg relevant her, sidan det kan føre til eutrofiering og ubalanse i økosystemet. I konsekvensutgreiinga skildrar ein auka risiko for nitrogentilførsler og eutrofi, men tek berre før seg konsekvensane for Skorabovatnet og bekken nedstrøms. Ei vurdering av konsekvensane for Frøysjøen er óg naudsynt. Dette vert peika på i første planrunde, men er ikkje utgreidd næmare.

«3. Det manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka kan tilfredsstillе krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.»

Konsekvensane av inngrepet er ikkje vurdert etter § 12 i vassforskrifta. Vi meiner at inngrepet må vurderast etter § 12 i vassforskrifta før ev. vedtak av planen. Kommunen er ansvarleg for å vurdere dette.

Det manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka kan tilfredsstillе krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen. Fylkesrådmannen meiner ei realitetsvurdering må gjennomførast og dokumenterast på planstadiet. Dette er peika på i første planrunde, men vi kan ikkje sjå noko næmare vurdering av dette. Formålet med ei slik vurdering er ikkje å fastsetje detaljar, men å avgjere om tiltaka har realistisk potensial til å avbøte konsekvensane og dermed sørge for at vassførekomstane er verna i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og vassforskrifta. Er det t.d. plass til sedimentasjonsbasseng av naudsynt kapasitet, og vil våtmarksfilter kunne etablerast og effektivt reinse for nitrogen gjennom heile året?

Som grunnlag for § 12-vurderinga er det tilstrekkeleg at utredningane dekker de relevante kvalitetselement som verksemda vil påverke. Sektorstyresmakta skal spesifisere ovanfor tiltakshavar kva for informasjon det er nødvendig å innhente. Denne informasjonen fremskaffes før eller i løpet av søknadsprosessen.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til å oppretthalde motsegnene knytt til kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø frå vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte den 31.08.2018, FU-sak 86/18.

Inngrepa planen legg opp til, vil redusere eit kulturhistorisk landskap av særskilt nasjonal verdi for all framtid. Fylkesrådmannen er ikkje samd i konsekvensvurderingane som er gjort knytt til kulturminne, kulturmiljø og landskap. Planforslaget kjem i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet id 232593.

Dersom arealdisponeringane skal kunne aksepterast, må utskipingsanlegget flyttast til sørsida av halvøya, ved Dyrstad og steinbrotet skal ikkje vere synleg i det heile frå Vingen eller Hornelen, korkje i driftsfasen eller etter at drifta er fasa ut.

Når det gjeld tema vassforvaltning meiner fylkesrådmannen at det framleis ikkje er gjort ei vurdering om skisserte avbøtande tiltak er tilstrekkeleg for å nå miljømåla etter vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen. Vi meiner det må gjerast vurderingar etter § 12 i vassforskrifta før eventuelt vedtak av planen. Fylkesrådmannen meiner ei realitetsvurdering må gjennomførast og dokumenterast på planstadiet. Dette er peika på i første planrunde, men vi kan

ikkje sjå noko nærmare vurdering av dette. Formålet med ei slik vurdering er ikkje å fastsetje detaljar, men å avgjere om tiltaka har realistisk potensial til å avbøte konsekvensane og dermed sørge for at vassførekomstane er verna i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og vassforskrifta. Kommunen er ansvarleg for å vurdere dette.

Fylkeskommunen har i tidlegare fråsegner og attendemeldingar i saka vore tydelege på at vi har sakna nokre konkrete utgreiingar knytt til løysing for utskipping av masse og til vassmiljø. Det er heller ikkje gjort for det nye utkastet på ein god nok måte. Vi må vere trygge på at «alle steinar er snudd» for å redusere dei negative verknadane av tiltaket mest mogleg. For å oppnå det vil vi trenge:

- tekniske, økonomiske og driftsmessige vurderingar for kvifor Dyrstad ikkje kan nyttast til utskipping av massar frå det nye uttaket
- vurderingar på om det innafor planen er eit realistisk potensial til å avbøte konsekvensane og sørge for at vassførekomstane er verna i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og vassforskrifta.